INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR.4/2025 **DESEMBER** Grunnlagt 1938 86. årgang

«Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny»

Frå redaksjonen

Frå redaksjonen

Å skrive redaksjonen sitt innlegg i julenummer av kyrkjebladet, føler eg krev kløkt. Ein skal både tenke jul, tenke informasjon og vekke interesse.

Kva ventar ein seg av eit julenummer? Det må handle litt om jul i alle fall. Så må det handle litt om alvor og helst ein god del om glede og forventning, samt vere informativt. Informativt om kva? Eg vel å sjå litt på verdssituasjonen utan å trenge ta stilling til alt som skjer, men prøver å vere ein reporter som dveler litt med det ein høyrer og ser. Kor mykje av det ein høyrer er fakta og kor mykje er usanning, det er kan hende det vanskelegaste å finne ut av.

Lat oss ta til i USA, der 1 av 8 treng hjelp frå staten for å ha noko å leve av. Der dei har ein president som spreier usanningar. Landet som for oss har stått for overflod av om lag alt, der ein kan tene seg styrtrike om lag utan å gjere noko, pressar i dag mange ut i usikkerheit og sikkert spørsmål om kva ein skal ete både før jul og i jula. Kva har ein mogelegheit til å gje sine nære, kva stat er det ein har. Det er alt skapt ei usikkerheit som er vanskeleg komme seg ut av.

Så kan vi ta steget til land i Midtausten, der mykje er øydelagt. For dei som vel å feire jul, skal den feirast i ruinane med den usikkerheit som rår der. Må dei klare seg sjølv, eller finst det eit håp om litt hjelp? Sjølv om der er våpenkvile, veit ein at kvar time er usikker. Vi veit det finst mange hjelpeorganisasjonar, men greier dei å få hjelpa fram, det avheng av mange, og kven kan ein stole på?

Kva med vår eiga jul, den bør eg kan hende ikkje røre, men eg gjer det likevel. Vi er per no på den andre sida av skalaen. Mange av oss lever som om det er jul i alle fall halve året, og då blir eg betenkt. For mykje mat over lengre tid, for mykje fritid for mange, julemat som går ut på dato i november. Men òg alle dei som ikkje har så mykje. Forskjellen mellom dei som har mykje og dei som har lite, aukar. Grunnane vil eg ikkje komme inn på, dei bør ligge klart i dagen for alle som vil sjå dei.

Foto: Hildegunn Huus

Vi snakkar om korrupsjon i mange land og område. Eg tillet meg å tru at om ein tek til å rydde i rettferd og urettferd hos seg sjølv og det ein kan påverke, er ein komme eit stykke i rett retning. Det lettaste i denne verda er å skulde på alle andre og fortelje kor fortreffeleg ein er sjølv, men i lengda er det ein farefull veg å gå.

Så er det store spørsmålet: kva er rettferd? Eitt er sikkert; skal ein sjå globalt på det, er det vanskeleg å finne rettferd. Det er vanskeleg lokalt òg, men kan hende litt lettare.

Vi i redaksjonen vil i alle fall ynskje alle ei god og forhåpentleg rettferdig jul.

vipps
HYRDINGRØYSTA
kyrkjelydsblad Jølster
#31680
Kontonummer
3703.30.09225

Framsidebilete: *Grindbygget ved Helgheimkyrkja. Foto: Steinar Dvergsdal.*

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET
✆ 57 82 81 80
Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE
✆ 57 82 81 80
epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Bjørn Harald Haugsvær ✆ 480 07 375

Ålhus sokn:
Annette Slåtten ✆ 971 21 363

Helgheim sokn:
Hildegunn Huus ✆ 417 58 462

Fungerande sokneprest
Geir Sørebø ✆ 957 29 172
epost: god-s@online.no

Kantor
Rune Molvik ✆ 991 27 430
epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspedagog
Silje Sørebø ✆ 473 99 492
epost: silje.sorebø@sunnfjordkyrkja.no

Trusopplærar: Gerd Sunde Førde
epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye
Kontortid tysdag kl. 9–15
epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje Sissel Vartdal
✆ 489 91 257
epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje og økonomileiar
Trond Herløsund ✆ 489 58 086
epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar
Ingvar Vagstad ✆ 911 38 732
epost: ingvar.vagstad@sunnfjordlyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar
Helge Årdal ✆ 976 49 016
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Ålhus kyrkje/Vassenden kyrkjesenter
Kyrkjetenar/reinhald:
Aman Beyene ✆ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

Helgheim kyrkje
Kyrkjetenar/Klokkar:
Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad
Reinhald: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei
✆ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter
✆ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA
KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

Tekst og bilete: JORUN KNAPSTAD

For mange år sidan var eg på ei studiereise for religionslærarar til India. Turen gjorde enormt inntrykk på meg. Vi såg svimlande rikdom og luksus ved sida av skrikande naud.

Rett ved sida av luksushotell låg heimlause med berre presenningar som skjul. Det var den første turen der eg vart konfrontert med den store urettferda i verda, og fekk sjå kor fattige folk kan vere, og kva somme må greie seg med. Til jul dette året fekk eg eit julekort frå ei av dei eg var saman med på turen. Bildet på kortet hadde ho tatt sjølv og var av ei ung, fattig mor med eit gutebarn på armen. Teksten til bildet var: Dette er mi jomfru Maria.

For meg sette det tankane i gang. I juleevangeliet les vi at det var ikkje rom for dei. Når Josef og Maria endeleg nådde til Betlehem etter ei lang reise til fots og på eselryggen, så var det ikkje rom for dei. Ingen stod klar og venta på dei med oppreidd seng, varme, eller ei trygg jordmor som kunne ta imot barnet, og trygge ei ung og redd mor. Og slik er situasjonen i dag også for millionar av våre sysken på jorda vi deler. Dei har ikkje rom og heimar.

Kva er det juleevangeliet handlar om? Jau, at Jesus kjem til jord for alle menneske. Han kjem som eit lite, fattig barn, han kjem som ein det ikkje var rom for.

Jesu kome til jord på denne måten har mykje å seie for dei som har levd og lever i fattigdom og naud. For Jesus var og er lik dei. Han kjenner dei fattige sine kår, han har kjent på korleis det er å vere flyktning. For kristne i Egypt er det viktig at Jesus nettopp var flyktning hos dei. Det ser ein att i ikonar og måleri der Nilen og pyramidane gjerne er bakgrunn.

Vi er her. Vi lever langt unna der det skjedde. Akkurat no er vanskeleg å ta inn over seg korleis folk må leve nettopp der Jesus vart fødd, med krig, mangel på mat og heimar.

Men julebodskapen er også for oss. Dei fleste av oss har både husrom og heimar. Vi førebur oss til jula på ulikt vis, mange gler seg, andre skulle gjerne sett at jula hadde gått stille forbi, fordi vonde minne og opplevingar knytt til jula følgjer ein.

Anten vi har det på den eine eller andre måten, kom Jesus for å vere vår Frelsar. Han set ikkje krav om velstand eller perfekte rammer. Han møter oss nett der vi er i livet. Det vesle barnet lagt i krubba kjem med håp, med fred og glede til oss alle. Han vil møte oss når vi er langt nede og når vi er høgt oppe. For han er kvart menneskeliv dyrebart og elska. Det vesle barnet Jesus kjem med all Guds kjærleik og omsorg. Han kom for at lyset skulle skine i mørket.

Denne jula, som kvar jul, ja, alle dagar i året, søkjer Jesus husrom hos oss og vil vere der vi lever våre liv. Har du rom for han?

Gledeleg jul.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert send ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland

epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem før påske

FRISTAR 2026

Frist for stoff til
Hyrdingsrøysta i 2026:

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte, om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)

Eit dikt eg er glad i

Ein stor hyllest til bygda vår, breen, den fine naturen, og det arbeidsame folket som hadde busett seg, dyrka og opparbeidd jord frå tidlegare tider, mellom dalar og nuter i heile Jølster.

Eg tenker tilbake på min første tur over breen på slutten av 1980, Lunde - Fjærland. Ein fin sommarsdag gjekk vi frå Lunde, opp det bratte Lundeskaret med fin utsikt over dei mektige fjella og naturen.

Vi var mange i turfølgjet, i alle aldersgrupper, der var spreke ungdomar, andre med litt fleire alderstillegg. Vi brukte god tid så alle kom seg opp, og vi fekk ein pause så vi kunne nyte velfortent niste før vi gjekk vidare mot Marabreen. Vi gjekk i tau mot Kvitevardane og kom til Tverrfjellet på ca 1500 m høgde, der hadde vi pause for å nyte utsikta og naturen.

Åh, for ei utsikt: Vi såg heile Kjøsnesfjorden frå Lunde og framover til Sunde. Då kom dette finaste diktet fram i tankane mine og gjorde meg glad og høgtidsstemt: «Eg kom over breen ei juninatt».

ASTRID INDREBØ SUNDE

Jølster

Eg kom over breen ei juninatt
Med' tette skodd for synet stengde.
Brått vakna morgonen, sola spratt.
Og ljoset ned gjennom skodda sprengde.
Då såg eg eit syn som gjorde meg fjåg:
Jølster, Jølster nedfor meg låg
Doggvått i disig morgonluft.
Odder og nes ut i vatnet tøygde,
Dalane tett innmed fjella smøygde.
Eldgamle tun med store tre
Låg der og sov i Jonsokfred.

Eg slengde meg ned på ein mosut stein,
Og stirde utover bratte tinden.
Rundtom låg fjellheimen kvit og skein,
Solskyer leika i morgonvinden.
Då ropa eg ut over dal og høgd:
Jølster, Jølster, mi gamle bygd,
Ung som skapningens fyrste dag!
Duld millom høgfjella vart du funnen,
Fordom av fedre som rudde grunnen.
Norrøne ætter frå Auduns tid
Hitta seg heim under grøne lid.

Frå gardar og grender steig røyken blå,
Då morgondimma for sola rakna.
Glad laut eg syngje ein salme då,
Eg såg at folket der nede vakna.
Det rørte mit hjarta so underleg:
Jølster, Jølster, Gud signe deg
At du må vakne or svevnen rett,
Tena din gud i tidlege timar.
Stunda til dåd medan dogga glimar,
Jølster, Guds åsyn imot deg skin,
Dagen er runnen, og den er din.

Av: Knut Øygard

Frå grasrota

I vår nye faste spalte «Frå grasrota» ønkjer vi å gje plass til alle som på ein eller annan måte forvaltar jorda og ressursane som Vårherre har gitt oss så rikeleg av.

«Gulrota»

Takk for ein fin sommar, takk for at du luka og vatna når det var trong for det, og takk for at eg ikkje vart fora med gift.

Tekst og bilete: HILDEGUNN HUUS

Du byrja tidleg å smake på, og passa på at vi fekk nok plass. Du prata med oss som om du venta på at vi skulle svare, men svaret hadde du sjølv. Ute fekk vi ein lang, fin sommar, ja, nesten så lang at eg trudde du hadde gløymt oss, men det hadde du ikkje.

No ligg eg her i den grøne kassen, vel gøymd i ein svart sekk med nokre enkle små hol i for at eg skal få litt luft, men halde meg frisk og fast. Og så ser eg fram til ein liten dusj i ny og ne.

Eg drøymer om alle dei fantastiske måltida eg skal få vere med på framover vinteren og våren. Tenk på alle dei frukostar der eg anten er pålegg saman med eple og majones, eller berre vaska og skoren opp i bitar som eigaren og hunden hennar nyt. Og sjå for dykk alle dei forskjellige middagane eg får oppleve. Raspa saman med fiskekaker, fiskepudding, eller til kokt eller steikt aure.

Så er det alle dei gongane eg ligg og syner meg fram saman med brokkoli eller blomkål. Andre gonger vert eg kutta opp saman med mange forskjellige grønsaker og hamnar i steikeomnen, der vi alle kosar oss med krydder, smør og ost.

Av og til vert eg kokt, og det tykkjer eg er litt kjedeleg, men så dukkar det opp mykje anna, som erter, reker, gelé, og eg har igjen vorte pålegg som gjester nyt.

Så er det den fantastiske suppa som vert laga, der eg får vere hovudingrediens, berre blanda med litt løk, ost og krydder.

I kjellaren har eg selskap med mykje rart, men det er ei anna historie.

Helsing ei av gulrøtene på Hus.

Kyrkja treng tak

For 25 år sidan måtte kyrkjesenteret få eit førebels tak. Shingeltak var ei god førebels løysing, som òg kunne utførast på dugnad.

Vi har nokre år snakka om at tida for taket ebbar ut. Taket sender no ei tydeleg melding, tida renn ut, vatn kan komme til å renne inn. Uver tek tak i shingelflippar og blæs dei bort. Pappen i shingelen er blitt morken og toler ikkje vinden.

Hundreårs-tak finn vi av takmateriale som skifer, brende og lakkerte panner og kopar. Den største takflata, som ligg mot vest, har fall på 13 grader, den er og mest ver-utsett, med pågående vindretning som kan drive inn vatn. Dette vil vi ta omsyn til ved val av taktype. Vi har lekkasje på vest-taket i dag. Det er ikkje fare for skade innvendig, men nytt tak må leggast til våren.

Vi rådfører oss med fagfolk og kyrkjearkitekt ved val av taktype, og vil gå for eit tak som passar på kyrkjebygg, mest mogleg likt kopartak i form og farge.

Kyrkjesenteret har ikkje evne til å løyse ut hundreårs-taket åleine. Vi har ikkje slik nedbetalingsevne. Vi gjev tilkjenne at vi treng midlar.

Redningsmenn får takk

Vi treng Redningsmenn. Nokon som vil, nokon som sit med midlar som ein har tenkt å gje bort, testamentariske gåver og minnegåver, eller kanskje berre ei gåve.

TAKK TIL
REDNINGSMENN

Karl Russøy
Frå kyrkjesenteret på Vassenden.
Ei God Jul til alle!

Speiding i verdas vakraste ramme

Speidargruppa på Skei har 62 medlemer i alderen 10-16 år, og vi har aktivitetar stort sett kvar onsdag i skuleåret pluss litt turar i helgar og feriar. I år deltok vi på Landsleir på Gjøvik i juli saman med 12 000 speidarar frå heile Norge og heile verda! Speidaren skal vere ein trygg og inkluderande stad å vere , der ein lærer mange ting gjennom ulike aktivitetar gjennom året. Vi er mykje ute og brukar naturen og alt det fine vi har rundt oss her vi bur. Her er nokre glimt frå speidaraktivitetane våre i haust.

Bakemøte i speidaren.

Stødig.

Fiskelukke.

Frå landsleiren på Gjøvik.

Jubileumssong

Feire det som feirast kan! Den første utgjevinga av nynorsk salmebok feirar hundreårsjubileum i år, og laurdag 1. november var rundt 50 songglade personar samla på kyrkjesenteret for å synge salmar på nynorsk.

Tekst: INGRID SØYLAND
Bilete: STEINAR DVERGSDAL

Olav Nedrebø i samtale med Oddny Miljeteig.

Trekkplaster, attåt songen, var Oddny Miljeteig. Ho er medlem av bispedømmerådet i Bjørgvin for Åpen Folkekirke. Oddny er eit fyrverkeri av ein talar og generelt ein friskus. Ho starta med ein tekst om emnet, skriven av biskopen, som ho hadde fått lov å bruke. Vidare var det veksling mellom allsong av salmar og Oddny sine innslag om framståande nynorskdiktarar. Ho omtala Anders Hovden, Elias Blix, Bernt Støylen, Mathias Orheim, Edvard Hoem og Jan Inge Sørbø. Litt interessant var det at Olav Nedrebø, som var til stades, vart nemnd i føredraget med «fyrebelsbibelen», første bibelen på landsmål, som kom ut i 1921.

Rune Molvik, Hege Støylen Alme og Silje Sørebø i vakker samsong.

Oddny Miljeteig.

Det var Bernt Støylen, Anders Hovden og Peter Hognestad som fekk i oppdrag av Det norske Samlaget å lage ei eiga, heilnorsk salmebok med nynorske salmar til bruk i kyrkje, heim og møteverksemd. Desse tre mennene var svært ulike, men likevel sameinte i tru og voner for kyrkje og land. Anders Hovden sa det slik: «Hognestad var klok og kald. Støylen var klok og varm. Eg var berre varm.»

Vi som var til stades, kunne fryde oss over å synge salmar på nynorsk, både kjende og mindre kjende. Som nemnt i førre nr. av Hyrdingrøysta, er det merkeleg få nynorsksalmar i gudstenestene. Etter ei varmande stund i kyrkja kunne vi hygge oss i ei triveleg økt med kaffi og kaker, alt utført i samarbeid mellom kyrkja, Jølster mållag og Jølster litterære folkeakademi.

Meir song!

Torsdag 13. november samlast vi songglade att, denne gongen til salmesong der Inger Lind Aasen hadde regien. Det var berre nynorske salmar på menyen, nokre var nye for dei fleste og med ukjende tonar. Det er fint å ha slike kveldar der vi får øve på ukjende salmar i salmeboka, og lære dei for vidare bruk i kyrkja.

Så var det eit herleg kveldsmåltid: ymse slag brød, og val mellom dei lekraste pålegg ein kunne ønskje. Sosiale stunder med god mat gjer alltid godt.

Medarbeidarfest for Ålhus og Helgheim

21. oktober arrangerte sokneråda i Ålhus og Helgheim sokn medarbeidarfest for tilsette og dugnadsfolk i soknet. Det var sendt innbyding til i overkant av 100 personar, og litt over 70 takka ja.

Tekst: INGER JOHANNE KLAKEGG
Foto: STEINAR DVERGSDAL

Inger Johanne Klakegg leia festen og ønskte velkomen. Geir Sørebø hadde ei helsing til opning, og som eit anna bidrag frå dei tilsette, framførte Silje Sørebø og Gerd Sunde ein eigenprodusert song.

Inger Johanne Klakegg snakka litt om kvar ordet dugnad eigentleg kjem frå, kva det inneber, og ikkje minst kor viktig det er at vi er med på å drive dugnad.

Knut Skurtveit las dikt av Olav H. Hauge før det vart servert fransk bondesuppe med grove rundstykke til. Praten gjekk lett ved borda og folk kosa seg. Etter maten hadde Geir Heggheim eit humoristisk tilbakeblikk på originalar frå Klakegg. Det gav mosjon både til smileband og lattermusklar. Aksel Roko Eide var sporty og steppa inn på svært kort varsel og gledde oss med fin song.

Kjellaug Bromseth hadde laga til ein leik der medlemer av sokneråda blei utfordra, og det viste seg at dei var omtrent like gode.

Som seg hør og bør i Sunnfjord, så var det dekt eit kaffibord med stort utval av kaker, og alle kosa seg med kaffi og gode kaker.

Innimellom dei ulike programpostane var det fleire fine allsongar. Alt i alt var det ein fin medarbeidarfest, der dugnadsfolk blei sett pris på og fekk takk for innsatsen gjennom dei to siste åra.

Aksel Roko Eide var sporty og steppa inn på svært kort varsel .

Silje Sørebø og Gerd Sunde ein eigenprodusert song.

KYRKJELYDANE SIN JULETREFEST

Skei Misjonshus
27. desember (3. juledag) kl.17:00

Vassenden Kyrkjesenter
28. desember (4. juledag) kl.17:00

Alle er hjarteleg velkommen til å vere med å feire julehøgtida, saman med små og store, på kyrkjelyden sin juletrefest.

- Andakt, musikkinnslag, gang rundt juletreet.
- God mat og tid til god prat.
- Juletrefesten er open for alle, så ta gjerne med familie og vener

Vi ber kvar familie ta med litt pålegg (ikkje brød/rundstykke).

Helsing Helgheim sokneråd, Ålhus sokneråd, og trusopplæringsutvalet i Jølster.

Leit etter orda

I tabellen er det gøymt 20 ord som har med jul og vinter å gjere. Eitt ord står på skrå, resten finn du vassrett eller loddrett. *Lukke til!*

J	U	L	E	K	V	E	L	D	E	N
U	E	Y	K	Y	R	K	J	A	Z	P
L	Y	S	M	E	S	S	E	S	K	I
E	N	J	U	L	E	S	O	N	G	N
T	E	N	I	S	S	E	N	O	Æ	N
R	K	R	Y	B	B	E	D	P	B	E
E	N	G	L	A	R	A	S	N	Ø	K
F	R	Å	S	T	J	E	R	N	E	J
E	X	V	L	A	D	V	E	N	T	Ø
S	P	E	P	A	R	K	A	K	E	T
T	C	R	J	U	L	E	T	R	E	T

Litt av kvart

1. Kva er det som mister hovudet om morgonen, men får det att om kvelden?
2. Kvar kjem fredagen før torsdagen?
3. Kva er det sola aldri lyser på?
4. Kva slags steinar kan ein finne på botnen av Jølstravatnet?
5. Kva slags skog er utan lauv?
6. Kva er likskapen mellom ein tannlege og ein hund?

Svar:

1. Hovudputa.
2. I ordlista.
3. Skuggen.
4. Våte steinar.
5. Granskogen.
6. Begge kan setje tenner i folk.

«I dag trur eg vi tek ofringa først,» sa presten til klokkaren ein søndag.

«Kvifor det?» undrast klokkaren.

«Jau, for i dag skal eg tale om sparing.»

Ei bok som ikkje blir opna, er berre ein murstein av papir.

Kinesisk ordtak

Dommaren: Kvifor sparka du politimannen i magen?

Den skyldige: Det var eit uhell. Han snudde seg.

Legen: «Snakkar du i søvne?»

Pasienten: «Nei, men eg snakkar ofte mens andre søv.»

Legen: «Korleis det?»

Pasienten: «Eg er lærar.»

Også ei kyrkje-teikning

Tekst og bilete:
SVERRE GJESDAL og
INGRID SØYLAND

Under ei loftsrydding heime hjå Rune Grønfur dukka denne teikninga fram. Far hans, Ingvar Grønfur, teikna mange bygningar av ulike slag, og her er eit forslag frå han til korleis kyrkjesenteret kunne utformast. Teikninga er laga på 1990-talet, og planen var at kyrkja skulle stå på den vesle haugen rett over brua på Vassenden, der Randi Gjesdal bur no. Meir veit vi ikkje om saka, men at det er ei staseleg teikning, kan vel alle einast om.



Under gulljesus

Helga 8 – 9 november var det «lys vaken leir» på Vassenden. 30 ungdomar hadde aktivitetar og overnatta på Kyrkjesenteret.

Tekst og bilete: STEINAR DVERGSDAL

To jenter hadde lagt seg rett framfor alteret. Ei av dei ringde heim til far sin. «Vi ligg her under Gull-Jesus. Og eg har bedd kveldsbøn og alt!»

I søndagsgudstenesta deltok ungdomane i det meste. Nokre spelte preiketeksten om den barmhjartige samaritan. Det var eit voldsamt overfall med sverd. Den rana og skadde vart liggande i vegkanten. Prestar og andre gjekk forbi. Så kom ein Samaritan, som folk såg ned på. Han stoppa, stelte den overfalne, fekk han opp på eselryggen og berga han.

Konfirmantar 2025

Vassenden

Frå venstre: Silje Sørebø, Madeleine Tefre, Madelen Sjåstad Løset, Lena Kristina Strand, Nicholas Mo Sandøy, Meida Girzadaite, Emil Øyen, Andrea Tveit, Loke Helgheim Årseth, Anders Eskeland Grimsbø.

Ålhus

Frå venstre framme: Marte Fimland Stadheim, Frida Marie Enebakk, Kristine Nedrebø, Hedda Heggheim Bakken, Tora Isaline Opheim Grønfur, Moana Myrvang, Krista Navarsete Åmot, Mariana Acosta Nedrebø, Fredrik Bråttvik. Ålhus frå venstre bak: Sondre Flugekvam Tonning, Magnus Heggheim Bakken, Nikolai Slåtten, Sondre Støfring, Birk Sørebø Hauger.

Helgheim

Frå venstre: Olai Aardalsbakke Djupvik, Håvard Furre Lunde, Adrian Klakegg Førde, Aksel Roko Eide, Aron Stegane Hauge, Kristian Østebø Sandal, Silje Sørebø.

Eple, pærer, poteter, agurk, bær og brokkoli

Søndag 28. september var det hausttakkefest på Speidarplassen på Skei. Den relativt nye Speidarplassen med flott grindbygg og innretningar, sette ei fin råme for gudstenesta.

Steinar Dvergsdal

Over 90 frammøtte takka naturen for gåvene og kosa seg i godveret. Det vart delt ut nisteboksar til 5-åringane. Saman med nisteboksane fekk dei maisbollar som dei sjølve kunne dele med småfuglane. Alle borna fekk gratis lodd med garantert gevinst! Ivrige born og vaksne løyste oppgåver på natursti. Det vart grilla mat på bålplassen til speidarane, og servert kaker, saft og kaffi. Prest Geir Sørebø understreka at det er naturen som gjev grunnlag for liv for menneske og dyr. Det er tankevekkande at menneska kan lage dei mest avanserte telefonar, datamaskiner og tekniske innretningar. Men vi kan ikkje lage eit grasstrå, eit eple eller ei fluge! Det er all grunn til å takke naturen for liv.

Dueslepp på Helgheim

STEINAR DVERGSDAL

I Jølster får kvart barn som vert døypt, ei «dåpsdue» med namnet sitt på. Denne vert hengt på eit tre i kvar kyrkje. Der heng dei til påminning for kyrkjelyden og familiane. Når borna vert 2 - 3 år, er det «dueslepp». Borna får komme i kyrkja og hente dua si.

7. november var duetrea i Jølster samla i Helgheim kyrkje. To- og treåringar, nokre saman med søsken, foreldre og besteforeldre, var samla til dueslepp. Det var song, spel og mat. Det vart sunge for kvar enkelt dueeigar. «Her sit Marie, no skal vi synge og klappe for deg. Her sit .....»

Vilkårslaus Kjærleik!

Dugnad og frivillegdomens «høgborg»

Bispedømerådet inviterte til «Dialogmøte» med representantar frå alle sokneråd i bispedømet, på to møtestadar. Det eine var på Vassenden Kyrkjesenter den 6. september.

Tekst og bilete: STEINAR DVERGSDAL

Ragnhild Jepsen.

Der møtte det representantar frå heile Sogn og Fjordane. Magne Kvinge og Steinar Dvergsdal representerte kyrkja i vertskommunen Jølster. Bispedømerådet, inkludert dagleg leiar og biskop, var til stades. Det vart fortalt om aktivitet i bispedømet og i sokna. Det var gruppearbeid, der ein mellom anna hadde for seg erfaringar i dei ulike kyrkjelydane og lærde av kvarandre. Aktiviteten i kyrkja i Jølster står ikkje attende for nokon. Men det er likevel viktig å orientere seg for å kunne plukke opp andre erfaringar og idear.

Samlinga vart avslutta med ei stemningsfull og fin gudsteneste med prost Knut Magne Nesse og biskop Ragnhild Jebsen. Preika hennar hadde som overskrift «Vilkårslaus Kjærleik». Orda hennar fall klokt og fint på klingande nynorsk!

Underteikna fekk høve til å vere klokkar. Som vertskap høvde det å helse velkomen til Jølster og Vassenden Kyrkjesenter, og vise til drøfting gjennom dagen om frivillig arbeid og dugnad. Helsinga vart slik: «Velkomne til Vassenden Kyrkjesenter! Frivilligdomens høgborg. Dette huset er bygd og drive ved hjelp av gåver og dugnad. Maten og stellet de får i dag er laga i stand og servert på dugnad.»

Dialogmøte sokneråd bispedøme på Vassenden

Dugnadsgjengen på Vassenden Kyrkjesenter.

EIN PLASS FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE

for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

- **3. juledag**
  Juletrefest på Skei misjonshus (gratis inngang for 1. og 2. klassingar i Helgheim sokn)
- **4. juledag**
  Juletrefest på Vassenden kyrkjesenter. Gratis inngang. Vi ber kvar familie om å ta med litt pålegg (ikkje brød/rundstykke).
- **16.-18. januar**
  Ungdomsleir på Alværa misjonssenter for 10. klassingar og oppover
- **8. februar**
  Familiegudsteneste kl.11 i Ålhus kyrkje med utdeling av actionbibelen til 5. klassingar frå heile Jølster (- med to måndagssamlingar etter skuletid på Vassenden kyrkjesenter og to samlingar på Skei misjonshus i forkant av gudstenesta).
- **13.-15. mars**
  Konfirmantleir på Alværa misjonssenter
- **29. mars**
  Familiegudsteneste i Helgheim kyrkje kl 11 med utdeling av påskekalender til 2. klassingar frå heile Jølster i (to måndagssamlingar i forkant, på Skei misjonshus for Helgheim sokn og på Vassenden kyrkjesenter for Ålhus sokn).
- **6. april**
  Påskesamling for små og store (2.påskedag) i Vassenden kyrkjesenter kl. 17.
- **Ei helg i mai/juni:**
  Tårnagenthelg for 3. klassingar i heile Jølster i Helgheim kyrkje.

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter kl.17.30 – 18:30 (annankvar tysdag).
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter kl. 11:45 (annankvar tysdag).
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annankvar torsdag) – 4 år og oppover.

- **Barnegospel** på onsdagar etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og på Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse og oppover.
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6. kl og oppover.
- **Klubbkveldar** på Vassenden/ Skei for konfirmantar.

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

VELKOMMEN TIL FAMILIEQUIZ MED KAFÉ OG KONSERT MED JØLSTER BARNEGOSPEL SØNDAG 7. DESEMBER KL. 17 PÅ SKEI MISJONSHUS

Inngang inkl. kaffi og saft kr. 50,-. Born under 12 år gratis.
Quiz kr. 40,- per person.
Ta gjerne med både storebror og bestemor - her vert det spørsmål forbåde store og små.
Sal av mat og kaker i kafeéen.
Inntekta går til misjonshuset og Jølster barnegospel.
Vel møtt!

Styret i Skei misjonshus

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 11.00 i stova på

SKEI OMSORGSSENTER

Samlingar i desember

2. og 16. desember

Datoar for vinter/vår 2026 kjem seinare, vert sendt til Omsorgssentera

Alle er velkomne!

Helsing
fung. sokneprest Geir Sørebø og organist Rune Molvik

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på

VASSENDEN OMSORGSSENTER

Samlingar i desember

Tysdag 2. og 16.

Datoar for vinter/vår 2026 kjem seinare, vert sendt til Omsorgssentera

Alle er velkomne!

Helsing
fung. sokneprest Geir Sørebø og organist Rune Molvik

Reint vatn har endra livet

Innsatsen frå norske kyrkjelydar i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tekst: ÅSNE GULLIKSTAD
Foto: HÅVARD BJELLAND

Nyleg endra alt seg for familiane i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Innsatsen frå norske kyrkjelydar i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon har bidrege til reint vatn her.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Innsatsen frå norske kyrkjelydar i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD). Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost. – Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten. – Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

FAKTABOKS

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

Etiopia

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- Plassering: Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- Innbyggjarar: 132 millionar.
- Hovudstad: Addis Abeba.
- Religionar: Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

Kvar tysdag er det tidebøn kl. 11:00

VASSENDEN KYRKJESENTER
ei stille stund med rom for ro og ettertanke.
Unntak: når det er gravferd.

Er hodet ditt fullt med

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS SOS

Kjære menighetsråd

Ensomhet er en smerte som mange bærer på – ofte i stillhet. Hver dag tar hundrevis av mennesker kontakt med Kirkens SOS fordi ensomheten blir for tung å bære alene. For noen kjennes livet så mørkt at de ikke lenger ser en vei videre.

I mer enn 50 år har Kirkens SOS vært en livline. Først på telefon – nå også på nett. Flere enn tusen frivillige fra hele landet gir av sin tid og fra sitt hjerte for å være et lyttende medmenneske. De møter mennesker i dyp fortvilelse, men også med små glimt av håp. Ofte er samtalen med en frivillig hos oss i Kirkens SOS akkurat det som skal til: vi vet at den kan redde dagen – og noen ganger livet.

Ensomhet handler ikke bare om å være alene. Vanskelige relasjoner, eller psykisk uhelse kan styrke opplevelsen av å stå utenfor fellesskap. Ensomhet rammer unge som savner nettverk, og eldre som mister sine nære. Og fordi vi så gjerne vil mestre livet selv, er ensomhet for noen forbundet med en skamfølelse som gjør det ekstra vanskelig å be om hjelp.

Som menighet vet dere hvilken kraft fellesskapet har. Kirkekaffen, gudstjenesten, seniortreffet – de små møtene som gir varme og tilhørighet. Når dere samler inn en kollekt til Kirkens SOS, er dere med på å skape slike møter med varme, lyttende medmennesker, alltid tilstede for enhver som trenger akkurat det.

Takk for forbønn, omtanke og støtte. Ved å gi kollekt til Kirkens SOS kan deres menighet være med å bidra til at flere som strever med ensomhet eller tunge tanker får den samtalen de har behov for akkurat da, med fellesskap eller hjelp til å gjenfinne håp og livsmot.

Med de varmeste hilsner

Johannes Heggland
generalsekretær, Kirkens SOS

Kirkens SOS • Hoffsveien 1b • 0275 Oslo • respons@kirkens-sos.no • Org. nr: 971.275.596 • Gavekonto: 1506.90.51054 • Vipps: 216000

Å velge livet

Invitasjon til Den norske kirke i arbeidet med å forebygge selvmord

Av JOHANNES HEGGLAND,
generalsekretær i Kirkens SOS

På verdensdagen for selvmordsforebygging ble utredningen «Å velge livet, Den norske kirke og selvmord» overlevert fra den bispemøte-nedsatte arbeidsgruppa, til preses Olav Fykse Tveit. Utredningen tar et oppgjør med tidligere tiders fordømmelse og taushet i møte med selvmord, samtidig som den gir en teologisk og til dels diakonifaglig begrunnelse for at kirken må møte mennesker, enten de strever med selvmordstanker eller de er etterlatte etter selvmord, med inkludering og støtte.

Kirkens SOS har i mer enn femti år arbeidet med selvmordsforebyggende krisetjeneste på telefon og etter hvert også på chat og sos-meldinger. Våre 1000 frivillige medarbeidere besvarer over 150.000 henvendelser i året, og erfarer hver dag og natt at det å være et lyttende, varmt og interessert medmenneske kan føre til at byrder løftes av slitne skuldre og at mennesker gjenfinner gnister av håp og fremtidstro. Vi vet at samtalene redder dagen for mange og livet for noen.

Det skjer utvilsomt mye godt og håpsstyrkende arbeid i menigheter i Den norske kirke, som er verdifullt i denne sammenhengen. Fellesskapsbyggende arbeid i mange varianter, samtaler med etterlatte og forkynnelse som formidler håp – for å nevne noe.
Utredningen «Å velge livet» har som ambisjon å påvirke kirkelig praksis. Det er en god ambisjon. Dessverre er utredningen svært smal i sin beskrivelse av hva som er kirkelig praksis i dag. Institusjons- og organisasjonsdiakonien har nesten ingen plass i rapporten, selv om Kirkens SOS er nevnt som en samarbeidspartner.

Kirkens SOS er en medlemsorganisasjon som har sprunget ut av Kirkens Bymisjon og Den norske kirke. Medlemsmassen består i dag i all hovedsak av menigheter i kirken. Kirkens SOS er altså ikke bare en mulig samarbeidspartner for Den norske kirke, vi er den kirkelige/diakonale, døgnåpne spesialtjenesten innen selvmordsforebygging. Vi driver en livssynsåpen tjeneste med diakonal forankring, i tråd med kirkens egen definisjon av diakoni. Kirken kan være stolt over at den i 51 år har bidratt til dette livsviktige arbeidet. Jeg håper at bispemøtet, når de snart skal behandle utredningen «Å velge livet», vil ta dette perspektivet med i sine vurderinger.

Utredningen anbefaler at kirkelige ansatte bygger kompetanse på selvmordsforebyggende arbeid. Det er et godt forslag. Jeg vil hevde at den mest naturlige måten å gjøre det på, er å bygge på det anerkjente grunnkurset som Kirkens SOS har. Ved å gjennomføre kurset som gir studiepoeng, samt å forplikte seg til praksis ved å ta to vakter i måneden i minimum et år, vil deltakeren få både formell og reell kompetanse. Å legge til rette for slik kompetanseheving, vil være en god investering for Den norske kirke. I samarbeid med Menighetsfakultetet finnes det dessuten flere aktuelle kurs som bygger på erfaringene fra Kirkens SOS.

Til sist: Kirkens SOS har behov for mange flere frivillige medarbeidere som vil delta i dette livsviktige arbeidet. Dessverre er det mange henvendelser vi ikke har kapasitet til å besvare i dag. Den norske kirke skal nå mobilisere for økt selvmordsforebyggende innsats. Det er veldig bra! I tillegg til at kirken legger til rette for kurs og praksis for kirkelige ansatte, vil det beste og enkleste grepet være en storstilt rekruttering av frivillige i kirkelige miljøer, til innsats i Kirkens SOS. Ikke som en enkeltstående hendelse, men som en kontinuerlig samskaping av et døgnåpent, selvmordsforebyggende tilbud som vi vet redder liv.

Sjå også plakat på mostående side.

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**

Blå Kors

SPAR
NETTBUTIKK
Alltid same pris på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos SPAR Jølstraholmen eller få dei levert på døra.

AUDHILD VIKEN
skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI

JølsterBakst
EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde
Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236

coop marked
COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no

coop prix
COOP PRIX SKEI
Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21
Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER
Naturstein av høg kvalitet
Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND GRUPPEN
VESTLAND ELEKTRO OG RØR
Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no

Fjordane BEGRAVELSESBYRÅ
Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat Tunet
- kurs og oppleving
Støfringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde A/S
6847 Vassenden

BOSCH Service
Jølster Bil AS
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

Br.S Å&Ø
Åsen & Øvrelid as
Tlf. 57 72 38 50

Jølvassbu Camping
Hytter, bubilplasser, båter, kajakker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com
Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige
post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER BYGG OG INTERIØR
Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

Slåtten Grind & Laft
Bilelaget A/S
Erlend Slåtten
Slåtten Grind & Laft

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?
Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no
SOS 22 40 00 40
SOS MELDING
SOS CHAT
KIRKENS SOS

DESEMBER

07.12. kl.11:00
2.søndag i adventstida
Førde Grendahus
Familiegudsteneste/adventsgudsteneste

11.12 kl. 09:15 torsdag
Vassenden kyrkjesenter
Skulegudsteneste Vassenden skule

14.12 kl.11:00 3.søndag i advent
Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

Julaftan 24.12
kl.14:00 Helgheim kyrkje
Julaftangudsteneste - Familiegudsteneste

kl.16:00 Vassenden kyrkjesenter
Julaftangudsteneste - Familiegudsteneste

Juledag 25.12
kl.12:00 Ålhus kyrkje
Høgtidsgudsteneste

JANUAR

04.01 Kristi openberringsdag
kl.11:00 Ålhus kyrkje.
Gudsteneste

11.01 2.sundag i openberringstida
kl.14:00 Helgheim kyrkje (merk tida)
Gudsteneste

18.01 3. sundag i openberringstida
kl.11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste 01.02 Såmannssundagen
kl.11:00 Helgheim kyrkje

FEBRUAR

Gudsteneste med nattverd

08.02 Kristi forklåringsdag
kl.11:00 Ålhus kyrkje
Familiegudsteneste
utdeling av bibelbok til 10-åringane
(fellesgudsteneste for Ålhus og Helgheim sokn)

15.02 Fastelavnssøndag
kl.14:00 Helgheim kyrkje
Gudsteneste

MARS

01.03 2. sundag i fastetida
kl.11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

08.03 3.sundag i fastetida
kl.14:00 Skei Misjonshus (mrk tida)
Gudsteneste

22.03 Maria bodskapsdag.
kl.11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

29.03 Palmesøndag
kl.11:00 Helgheim kyrkje
Familiegudsteneste
utdeling av påskekalender til 8-åringar
(fellesgudsteneste for Ålhus og Helgheim sokn)

02.04. Skjærtorsdag
kl.19:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

03.04 Langfredag
kl.11:00 Ålhus kyrkje
Pasjonsgudsteneste

05.04. Påskedag
kl.11:00 Høgtidsgudsteneste

06.04 2.påskedag
Påskesamling for små og store

KONSERTAR

SØNDAG 7. DESEMBER KL.16:00
Vassenden kyrkjesenter
JULEKONSERT
Jølster Musikklag / Tre kvinner og ein mann m/band.

SØNDAG 7. DESEMBER KL.17:00
Skei Misjonshus
FØRJULSKONSERT
med Jølster Barnegospel.
Kafe med familiequiz.

Vigde

ÅLHUS SOKN
Ikkje vigsel i denne perioden

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
27.09.2025
Marianne Magnesdotter Helleseth og Tore Andre Dvergsdal

Helgheimstøylen
27.09.2025
Anita Dvergsdal og Jan-Ove Langeland

Døypte

ÅLHUS SOKN
26.10. Vilde Moan Støfring (døypt i Helgheim kyrkje)

Vassenden kyrkjesenter
07.09. Elliot Sjåstad Ekroll
07.09. Albert Sandnes
07.09. Thea Erikstad Ness
12.10. Emma Takvam Norgård
12.10. Isabella Stigen Fossberg
12.10. Oda Lifjeld (døypt i Skien kirke)
19.10. Leander Holsen Ulvestad (Holsen og Haukedalen sokn)

HELGHEIM SOKN
07.09. Albert Sandnes (døypt på Vassenden kyrkjesenter)

Helgheim kyrkje27.09.25 Johanne Toresdotter Helleseth
19.10. Odin Sæterlid Årdal
26.10. Vilde Moan Støfring
16.11. Emilie Årdal Grøvslien

Graverder

ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard
10.10. Kari Astrup-Geelmuyden
13.11. Hans Otto Nicolayssen

Vassenden kyrkjesenter/Vassenden gravplass
26.06. Bente Inger Solheim
16.10. Erling Kjell Dvergsdal
24.10. Bjørn Schei
07.11. Ola Eikås Tansøy

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje/Helgheim kyrkjegard
17.10. Else Karin Fonn
31.10. Jonas Helge Torsheim
14.11. Elselill Befring
25.11. Johannes L. Sunde

Her er liste over planlagde gudstenester. Det kan verte endringar. Følg med på heimsida vår, på Facebook, eller «Det skjer» i Firda.
https://www.kyrkja.no/jolster https://www.facebook.com/kyrkjeneijolster

Parkhjørne ved Helgheim kyrkje

Parkhjørne ved Helgheim kyrkje er no fullført. Det vart litt forseinka på grunn av noko stormskade på bakfyll på muring og plastring mot vatnet. Det vart og litt omprioritering knytt til at uthus/garasje ved kyrkja brann ned til grunnen, med maskiner og utstyr.

Tekst og bilete: STEINAR DVERGSDAL

Grindbygget og Parkhjørnet sist oktober.

Alt er no ferdigstilt, med utforming og funksjonar som planlagt. Arealet var oppfylt med overskotsmassar frå Vegvesenet. På langsida mot vatnet er det mur som kan leggast til med båtar. Elles er fyllinga plastra med stein. Der er mura trapp til vatnet og lagt på plass «stupestein». Alt utført med «naturleg» stein frå området. Ope grindbygg med torvtak er oppført. Bygget er utført på tradisjonell vis med trenaglar i broddeband og torvtak av lyngtorv frå Dvergsdalsdalen. Flata er oppparbeidd med plenareal og grusgangar. Parkbenkar er plassert ut. Det er sett opp gjerde/rekkverk med port mot vatnet.

Alt arbeid med organisering og administrasjon er utført på dugnad. Større del enn planlagt er utført som gratisarbeid/dugnad og andre gratisytingar. Heile arbeidet med tilskjering av materialar og heile oppføringa av grindbygget er utført på dugnad/eige arbeid. I tillegg til manuelt arbeid, er det utført mykje gratis arbeid med gravemaskin, traktor, transport mm. Noko av innleigd arbeid er òg prisa lågt og har eit element av «gåve» til kyrkja i seg.

Vi har søkt om midlar frå fiske- og friluftsfonda i Jølster. Naudsynt dokumentasjon er levert innan fristen. Kr 140.000 vert no utbetalt. Det dekker dei resterande utlegg med støypt kant mot vatnet og flettverksgjerde. Dei andre kostnadane vert i hovudsak dekka av fondsmidlar frå gåva frå Ivar Helgheim.

Dugnadsinnsatsen syner at folk set pris på at kulturen vår knytt til kyrkja vert halden i hevd, og at der er verdige tilhøve kring gravminne og kyrkje.

Grindbygget.

Byggmeistrane.

Velviljen til å bidra til dette fellesskapet er rørande. Døme: Eg leigde ein med erfaring til å ta opp torv med gravemaskin, og legge den på pallar. Vi snakka litt om kor viktig det er å halde det på stell rundt kyrkja og kyrkjegarden. Då han var ferdig med arbeidet, ringde han meg opp og sa.

– Eg ve bære seie at eg ska ikkje ha noke føre da altso!

Ei stor takk til dugnadsfolket!

Eg planlegg at vi utset offisiell opning og feiring til vi har gjenoppbygd uthus/garasje som brann ned på tilstøytande areal. (Blir nok bruk for dugnadsgjeng der også...)